

Kva skal skje ved skadeverk på skulen?

18.08.2011

Eit nytt avsnitt i verksemdsplanen for skule og barnehage handlar om skadeverk på eigedommen. Det gjeld skadeverk som er tydeleg brot på ordensreglane eller gjort med forsett. Det heiter her at rektor tek avgjerd og at kommunen er klageinstans.

Born i klassane frå 1 til 4/foreldra skal som hovudregel ikkje betala for skadar barnet gjer utan ved svært grove tilfelle.

Då kan skulen krevja 25 prosent av kjøpesummen ved nyinnkjøp - inntil 1250 kroner.

Barn i klassane frå 5 til 7 skal som hovudregel betala 50 prosent av kjøpsummen ved nyinnkjøp - inntil 2500 kroner.

Viss mogeleg kan barnet i staden vera med og retta opp skaden, Foreldra må informerast om dette. Erstatningssummen kan reduserast med inntil halvparten dersom tingen er gamal og svært slitt.

Rektor kan gjera unntak når det er rimeleg utifrå barnet si utvikling eller om tilhøva elles tilseier det.